Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og rådyr, bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål og fastsetjing av fellingsavgift for hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Stranda kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressurslova) § 9 fjerde ledd, § 26 og § 42 første ledd, forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 6 og forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29 a fjerde ledd.

§ 1. *Opning for jakt*

Det vert opna for jakt på hjort og rådyr i Stranda kommune.

§ 2. *Minsteareal for hjort og rådyr*

Minstearealet for hjort og rådyr i Stranda kommune er fastsett slik:

Område	***Minsteareal Hjort***	***Minsteareal Rådyr***
Sunnylven	300	1500
Strandadalen og Fausadal	450	1500
Geiranger og Oaldsbygda	600	1500

§ 3. *Fellingsavgift for elg og hjort*

Fellingsavgift vert kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd.
Satsane for fellingsavgift vert sette til dei maksimale satsane som er fastsette i budsjettvedtaket til Stortinget.

§ 4. *Bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål*

Det er tillate å nytte restlysforsterkare og termiske siktemål ved jakt på hjort i Stranda kommune.
Ved ordinær jakt skal bruken av restlysforsterkare og termiske siktemål avgrensast til ope terreng. Jegeren skal rapportere bruken av slike siktemål ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.
Stranda kommune skal minst kvart femte år vurdere behovet for å vidareføre føresegna. Kopi av vurderinga skal sendast til Landbruksdirektoratet.

§ 5. ***Ikraftsetjing og oppheving***

Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2027, men tidlegast frå kunngjeringa i Norsk Lovtidend.

Frå same tidspunkt vert desse forskriftene oppheva:
a. forskrift 29. april 2020 nr. 1212 om adgang til jakt etter hjort og rådyr, Stranda kommune, Møre og Romsdal
b. forskrift 1. desember 2025 nr. 3010 om fellingsavgift for elg og hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal
c. forskrift 26. august 2026 nr. 1687 om bruk av restlysforsterkande og termiske siktemål ved jakt på hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal.

Vedlegg: Kart med inndeling i årsleveområde og grenser for dei ulike minsteareala.

Årsleveområde:

1.Fausadalen
2.Strandadalen
3.Sunnylven
4.Geiranger og Oaldsbygda

